

*Kjød, kjensler og kameratskap
– Om reglar, normer og kulturell
danning*

BJØRN EGIL FLØ

«EG MÅ FÅ be om ordet.» Arvid, leiaren for jaktlaget, røyste seg. Både stemma og framtoningen fortalde oss at han skulle seie noko viktig. Etter reaksjonen frå dei andre elgjegerane forstod eg også at dette ikkje var eit vanleg innslag under middagane på koia. Men kanskje var ikkje dette ein vanleg middag heller, det var trass alt felt elg den dagen. Ein av unggutane på laget, Peder, hadde felt ein elgkalv på Langmyre under morgondrevet. Eit friskt og fint dyr som no hekk i slaktarhuset og godgjorde seg. Og guten? Ja, han var stolt som ein hane kan du skjøne. Dei andre på laget kunne fortelje meg at det var tredje elgen til Peder etter at han starta å jakte for fire år sidan.

«Du var uheldig i fjor, Peder», sa jaktlagsleiaren. Peder sjølv vrei seg på stolen, tyktest kjenne seg utilpass av å verte minna på fjoråret. Det var fyrste gong han fekk elg på post aleine, åra før hadde han sete saman med meir erfarne jegerar som han kunne støtte seg til og som kunne hjelpe han med å ta avgjersler. Den fyrste elgen han fekk var lett å ha med å gjere, den kom roleg inn og stod stille med breisida til på under 50 meters hald. Sverre, som sat saman med han på post, hadde berre nikka varsamt til Peder, som gjorde alt rett. Han gjorde



Elgjakta er ei oppgåve på lik linje med arbeid og jegerane går også til oppgåva med same seriositet og arbeidsetikk (Foto: Jan Inge Karlsen).

nesten alt rett i fjor òg, men om det var nervane eller noko anna som spelte han eit puss er vanskeleg å seie. Den elles så presise skyttaren hadde sett skotet for langt att og dyret gjekk langt etterpå. Peder laut tilkalle hundeførar og resten av laget for ettersøk. To–tre timar seinare fant dei elgen, som var dårleg treft, men likevel avliden.

Heile laget hadde stilt opp for Peder då. «Det er i slike situasjonar du veit du har kompisar», fortalde Peder meg då me var på veg inn til koia dagen før. Arvid, som har vore jaktlagsleiar i alle år, hadde teke Peder føre seg og oppmuntra han og støtta han. Dei hadde reist innom skytebana og testa kikertsiktet og gjort alt som kunne gjerast for å halde motet oppe hjå ein ung og urøynd elgjeger som nett var vorten utsett for det unemnelege. «Alle kan vere uheldige», hadde dei sagt, kompisane. Dei hadde forsikra han at «så lenge situasjonen var rett bedømt», noko ingen hadde grunn til å tvile på, «ja, då kunne han ikkje lastast».

«I år, derimot», heldt jaktlagsleiaren fram, «i år var du heldig, Peder, i tillegg var du overmodig». Trykket Arvid la på ordet over-

modig og Alvoret i stemma gjorde det larmande knyst i den vesle koia. Den elles så lattermilde og lette stemninga vart snudd til ei tettpakka togn. Peder stivna til og skuffelsen formeleg la seg utanpå kroppen hans. Alle såg me ein ung gut si verd vende seg frå stolt glede til tungboren skam på mindre enn ein augneblink. Han hadde lyst som ei sol og hausta respekt frå dei andre på laget, men no var alt snudd til ei uendeleg skuffelse.

«Du seier det var 150 meter», heldt Arvid fram,

ikkje berre er 150 for langt, men me har målt og det var 190! Du seier den stod stille. Eg stod i kanten av Langmyre då det small. Eg såg kalven då den datt, Peder. Den gjekk! Den gjekk rett nok roleg, men den gjekk!..] Du sette jakta på spel for oss andre, Peder. Me har sett av desse dagane til jakt, me vil ikkje ha dei spolert av dårlege vurderingar – ei kvote på 16 elg krev at me er effektive [...] Eg og Bjarne har diskutert dette; me trur framleis på deg, Peder. Du er ung og du skyt godt, det veit me, du var uheldig i fjor og dumdristig i år. Me vil alle oppleve å vere uheldige, me vil alle oppleve å gjere feilvurdingar. Alle jegerar vil oppleve det, før eller seinare – du gjorde det før, lat oss vone du ikkje gjer det seinare også. [...] Skål for Peder og skål for eit fint slakt.

Bygdejaktlaget

Det skulle ta lang tid før eg forstod at denne offentlege reprimanden som jaktlagsleiaren kom med under denne elles så hyggelege fellesmiddagen på koia, delvis kunne forklarast attende til endringane som følgjer i kjølvatnet av auka kommersialisering av elgjakta. Det skulle ta lang tid før eg forstod at det som eigentleg skjedde var bygdejaktlaget si definering av seg sjølv og at det ifølgje dei andre medlemmane på jaktlaget ikkje kunne ha skjedd ti år før. Det skulle ta lang tid før eg forstod at det var understrekinga av den rurale jegeren sin ny-seriositet, at det var markeringa av plikta bygdejegeren ber på overfor lokalsamfunnet, grunneigarane og resten av jaktlaget. Det var den kulturelle danninga av bygdejaktlaget eg var vitne til. Ein

liten bit av den langsame overgangen frå einast å vere eit jaktlag til å verte eit bygdejaktlag.

For i takt med kommersialiseringa av elgjakta har også bygdejaktlaget vakse fram. Ikkje berre har det kome som omgrep og som noko me seier i kvardagen når me skal markere at det lokale jaktlaget «høyrrer til» i grenda til forskjell frå dei stadig meir talrike «utanbygdsлага», det har også vakse fram i bygdejegeerane sitt kollektive medvit som noko særskilt kulturelt som skil dei sjølve og jaktlagskompisane frå dei andre og gjer dei lokale. Det definerer korleis dei skal gjere ting, korleis dei skal te seg i møte med elgen, kvarandre, grunneigarane og bygda.

I dette essayet vil eg ta lesaren med på elgjakt, eg vil la lesaren få sjå det eg såg og kanskje også forstå litt meir enn kva eg forsto. Eg vil gjenfortelje opplevingane og dele refleksjonane mine frå åtte dagar på koia saman med eit elgjaktlag frå ei bygd i Nord-Østerdalen. Eg vil leite etter kva det vil seie å vere eit lokalt elgjaktlag i ei bygd der ein stadig større del av elgen vert felt av jegeerar som ikkje er busett der – eg vil leite etter kva eit bygdejaktlag er og kva det vil seie å vere ein bygdejegeer. Korleis knyt bygdejaktlaget og dei lokale jegeerane seg opp til bygda og kva betyr det lokale og den stadeigne konteksta for bygdejegaren? Korleis er bygda og bygda si historie med på å prege praksis og moral åt det lokale elgjaktkollektivet?

Bill. merk: forskar søker bygdejaktlag

«Er det du som vil forske på elgjakt?». Klokka var kvart på 9 ein søndags morgon og eg sat i bilen på veg for å berge nokre molter til julekvelden då telefonen ringde. I fleire månader hadde eg prøvt å kome meg med eit bygdejaktlag på elgjakt. Eg fant fort ut at det ikkje var enkelt, det tyktes vere lettare om eg var villig til å stille som vanleg jegeer enn som forskar – nei, det såg mesta ut til å vere vonlaust. Eg hadde bedt eit par skogeigarar og nokre grunneigarlar om dei kunne snakke frampå for meg, men sett vekk frå eit lag som jakta med laushund og eit utanbygdslag som ville tene pengar på å ha meg med, var det lite suksess. Men no hadde eg altså ein mann

på tråden som lurte på om det var eg som ville forske på elgjakt. Eg sakka farta og såg meg ut ei busslomme litt lenger framme.

«Ja visst, det er det. Kva gjeld det?»

«Du kan få vere med oss om du kan stadfeste at du er stødig og ikkje fer med noko tull.»

«At eg ikkje er nokon Lindberg, meiner du?»

Han var ikkje heilt med på det med Lindberg, men då eg nemnde selfangstinspektøren og alt oppstyret han skapte på 80-talet etter at han kom heim frå ein tur med selfangstskuta Harmoni av Tromsø demra det for han.

«Ja, akkurat», sa han då, «me vil ikkje ha noko slikt».

Eg fortalde han om far min som hadde mønstra på ishavet som fjortenåring og om min eigen oppvekst som nabo til pels- og ishavsbogda Brandal på Sunnmøre og om kor hardt motstanden mot selfangsten hadde råka der. Han bad meg møte opp heime hjå han om ettermiddagen den 24. september.

Det var eit typisk blanda jaktlag med grunneigarar og ikkje grunneigarar. Sjølv om Arvid hadde forsikra meg om at dette var eit «bygdejaktlag», var likevel nokre av jegeerane utanbygds frå. Men alle tyktes ha ein eller annan lokal relasjon, utan at eg greidde å identifisere den umiddelbart. Elles var det ein fin aldersmiks frå 20 til litt over 70 år, og ifølgje Arvid var dette definitivt eit bygdejaktlag.

Elgbygda

Med sine mellom 350 og 400 innbyggarar fordelt kring om på nokre store og fleire små gardsbruk, samt enno fleire enkelthus her og der spreidd kring om mellom gardane, strekker bygda seg eit par–tre kilometer i nord–sør-retning etter elvedalen. Det er stort sett ei ganske så typisk bygd for denne delen av landet. Ved hjelp av eit lite bustadfelt frå kring slutten på 70-talet som ligg litt trekt opp bak skulen og resten av sentrum, har grenda greidd å behalde både skule og butikk i tillegg til enkelte småføretak som skaper eit inntrykk av at dette framleis er ei levande bygd. Noko nybygging ser det elles ut som det har vore jamt utover på både 80- og 90-talet og fram til i

dag, sjølv om det også her er ei noko usunn alderspyramide med litt for få unge i høve til talet på eldre.

Dei fleste pendlar dagstøtt til og frå arbeid, anten til kommunesenteret eller til ei av nabokommunane. Tradisjonelt er det jord- og skogbruk som har utgjort basisen for næringsverksemd i grenda. Enno driv om lag 20 av dei opphavlege 80 gardsbruka med husdyr, mest sau, men også storfekjøtt og mjølk. Skogbruk er eit vesentleg supplement til jordbruksinntekta, sjølv om skogarealet varierer mykje mellom dei forskjellige gardane. To av skogeigarane er markert større enn dei andre, med mellom 15 000 og 25 000 mål produktiv skog. I tillegg finn me nokre som kan kallast relativt store, med mellom 8000 og 10 000 mål, pluss ei rekkje mindre skogeigarar med alt frå 700 til 5000 mål. Det samla arealet skog som høyrer til bygda, er litt under 250 000 mål produktiv skog, i tillegg litt over 150 000 mål med mindre produktivt terreng, som myrar, høgt liggande «skrap-skog» og meir fjelliknande terreng. Jaktvaldet utgjer til saman 14 elgjaktfelt, med ei samla kvote på tett opp mot 200 elg.

Introduksjon

Det fyrste som slo meg då eg svinga inn på tunet og såg Arvid stå på trappa, var at eg hadde bomma på kleskodeksen. Sjølv var eg kledd opp i Gore-Tex og viste der og då at eg hadde gjort meg skuldig i å ignorere fagfellar sin kunnskap, kunnskap som dei har formidla til meg gjennom fleire vitskaplege artiklar og som eg tydelegvis ikkje evna å omsetje til praksis. For den klassiske rurale jegeren er ingen utstyrsnobb. Han arbeidar gjerne i kjeldress, anten arbeidet skal gjerast i fjøset eller i skogen (Bye 2003; Krangle og Skogen 2007; Bye 2009).

«Nei, so gale er det ikkje», sa Arvid som møtte meg i ein dongerikjeledress med firmanamnet at ein lokal byggmeister på ryggen «eg er berre ikkje heilt klar enno». For visst skulle det Gore-Tex på, det var meldt ei regntung veke og han var ferdig med å gå søkkvåt kring på jakta. Men han kunne likevel stadfeste at han ikkje var villig til «å legge ti-tusentvis av kroner i jaktdressar», som han sa. Han heldt seg til dei rimelege merka, og meinte dei var gode nok. Han trudde

ikkje eg kom til å skilje meg nemneverdig frå resten av laget, og la til at det «neppe er kleda du kjem til å dumme deg ut på.» Dermed avslørte han vel ei viss frykt for at eg kunne skjemma ut både meg sjølv og han.

For han tok ein sosial risiko, Arvid, ved å invitere meg med på jaktlaget. Dei andre på laget var nok berre måteleg interessert i å ha med ein «observatør» på elgjakta. Og kanskje var nettopp observatørstatusen det som skulle danne grunnlaget for korleis resten av laget relaterte seg til meg i fyrstninga. Under presentasjonen av meg fortalde Arvid om selfangstinspektør Odd Lindberg. Det slo meg at han må ha lese seg opp på historia. Forteljinga til Arvid gjekk nemleg langt utover det vesle eg fortalde han på telefon, og i hans versjon var mi tilknytning til selfangst langt tettare enn kva tilfellet var, men eg let det gå med det. Dermed enda eg opp med det kameratslege tilnamnet Odd, eit tilnamn eg for så vidt levde godt med og som eg også sjølv må ta delansvaret for å ha lagt opp til.

Ein seniors førjaktrefleksjonar

Etter kvart som timane gjekk, såg skepsisen mot den sunnmørske elgjaktinspektøren «Odd» ut til å forvitre. Enkelte hadde rett nok intervjuet meg grundig, kanskje like mykje av rein interesse som av ærleg skepsis, om kva eg ville med dette opphaldet og kva som skulle kome ut av det, men dei fleste tyktest likevel vere avslappa i høve nykomlingen.

Etter kvart som folk hadde fått seg mat og installert seg på koia, som rett nok var meir kva eg ville ha kalla eit hus, sat dei fleste og drøste i varmen frå omnen. Bjarne, som i sitt syttitredje år var den absolutte senioren på laget, presenterte kvar av dei einskilde jegerane for meg. For kvar av kompisane leverte han også små anekdotar, filosofiske refleksjonar delvis motiver av minner frå år tilbake og delvis av tankar om utfordringane elgjakta står framfor. For kvar einskild av jegerane fortalte han kvar dei kom ifrå og kva relasjon dei hadde til bygda og laget. Godt over tre firedelar av dei hadde eit absolutt slektskapsforhold til bygda, medan nokre berre var kome

med fordi dei var kompisar eller kjenningar med nokon på laget. Jaktlaget hadde rett og slett vakse fram organisk utifrå nettverket til medlemmane på laget. Og etter kvart som elgstamma vaks, vaks også arbeidsbyrda og behovet for fleire jegerar. Og far rekrutterte son og soneson med.

«Me har ofte hatt tre generasjonar frå same familie med samstundes», fortalde Bjarne. Han snakka om jegerane gjennom fleire generasjonar og presenterte Steinar som sonen til Johannes. «Johannes jakta heilt til den dagen han fylte 80», fortalde han, «fyrst då la han frå seg børsa». Måten Bjarne sa det på fekk meg til å tenke at det også var hans mål – å få vere med på dette eventyret saman med kompisanen til han fyller 80, minst. «Han var sterk, han Johannes», sa Bjarne, og fortalde om ein hardtarbeidande tømmerfløtar og skogsarbeidar som «aldri var sjuk. Var det arbeid som skulle gjerast, var det ikkje tid til å legge seg sjuk.»

Sjølv merka eg at eg kjente att dei same forteljningane frå oppveksten heime på Sunnmøre: forteljningar om arbeidsmoral og dugleik som grunnlag for både individuell og kollektiv suksess. Eg tenkte på Ingar Kaldal (2000), som har skrive om kor viktig arbeidet har vore i slike typiske skogsområder, for utforminga av samfunnet sin kollektive identitet. Og eg tenkte på det Linda Marie Bye (2003, 2009, 2010) har synt oss: at for unge rurale menn kan fritidsaktivitetar som jakt, snøskuter og motormekking delvis ha teke over mykje av den same rolla som arbeidet har hatt i jord- og skogbruksgrundene, med tanke på identitets- og maskulinitetsutforming. Dette er eit perspektiv ikkje ulikt det den canadiske sosiologen Robert A. Stebbins (1992) kallar «[t]he serious leisure perspective» i eit forsøk på å skildre det han meinte å sjå der arbeidsløyse, meir ferie og fritid og tidleg pensjonstilvere skapte store mengder tid som ikkje var fylt med inntektsgivande arbeid. Folk søker då til fritidsaktivitetane, og legg tilsvarende seriositet i det som dei elles brukte legge i arbeidet.

«Steinar har vore med på elgjakta sidan han var smågut, han har mykje av far sin i seg», fortalde Bjarne vidare, eit ørlite smil avslørte at han mintest noko. «Han var så influensasjuk her eit år at han knapt kunne stå opprøyst, men jakte skulle han. For ikkje å smitte oss andre, insisterte han på å ligge i uthuset, ei trekkfull plankebu

som brukte stå der slaktarhuset står i dag. All kommunikasjon med oss andre på laget gjekk over walkie-talkie». Eg såg bort på Steinar, som hadde fått med seg kva me snakka om. Han såg lurt på oss og lo stille. Så lenge det var arbeid som skulle gjerast – eller sagt på ein annan måte: så lenge det var elg som skulle skytast, var det ikkje tid til å legge seg sjuk. Steinar si handling det året, eller snarare Bjarne si forteljning om Steinar si handling, plasserte elgjakta inn saman med arbeidet. Elgjakta er ei oppgåve på lik linje med arbeid, og krev også same seriositet og arbeidsetikk. Den som har vakse opp med ein far som aldri la seg sjuk så lenge det fanst tømmer som skulle fløtast, kan då ikkje legge seg til sengs midt under elgjakta.

«No er det Steinar som har med sin son», heldt Bjarne fram og nikka i retning Johan, ein storvaksen mann i 30-åra som sat bøygde over eit sett jaktradioar han hadde fått i oppdrag å programmere.

«Johan er ein av dei som verkeleg står på.»

«Står på?», spurde eg.

«Ja ein av dei som er her fyrst og fremst for å jakte, kan me seie.»

«Men er ikkje alle her for å jakte, då?»

«Jauda, men det er ikkje alle som legg like mykje innsats i det.»

Han fortalde at folk, «også her på laget», som han sa, har forskjellige mål for jakta. Medan nokre fyrst og fremst var der for «samhaldet», var andre der for «kjøtet».

«Så Johan er her altså for kjøtet?»

«Nei, han er her for jakta», korrigerste Bjarne, «han er her fyrst og fremst for jakta».

Bjarne røyste seg og gjekk på kjøkenet, og vart vekk ei lita stund. Han lét meg få tenke etter kva han hadde meint med det å vere her for jakta. Det var definitivt ikkje det same som å jakte for kjøtet, det sa han seg også usamd i. Eg tenkte på den amerikanske økologen Stephen Kellert (1976) sine tre kategoriar jegerar frå 70-talets USA og lurte på om det kunne vere ein knagg å henge dette på. Men eg fant at rett nok snakkar Kellert om nettopp kjøtjegeren som den typiske rurale representanten i, lat oss kalle det det amerikanske jegerkorpset, men han gir ingen plass til dei som er her for samhaldet – og kva med dei som er her for jakta? Eg tenkte på eit foredrag eg høyrde med Garry Marvin¹ ein gong, der han snakka om skiljet som

den amerikanske forfatteren og jegeren Allen Morris Jones (1997) gjer i boka med den iaugefallande tittelen *A Quiet Place of Violence*. Jones skil nemleg mellom jakta som prosess og jakta som prosjekt. Med prosjekt refererer han til intensjonen jegeren har, altså intensjonen om å finne viltet og å snike seg innpå det eller det å ligge i skjul og vente, for til slutt endeleg å skulle avlive dyret. Med prosess refererer han derimot til måten jegeren gjer prosjektet på, altså til sjølv utføringa. Så når prosjektet er å skyte ein elg, er ikkje måten prosjektet vert realisert på likegyldig – tvert om er det heilt essensielt. For tydelegare å understreke kva han meiner, dreg Jones ein parallell til ein annan interessant fritidsaktivitet, nemleg fjellklatring. Der er prosjektet å nå fjelltoppen, men for fjellklatraren er det langt frå det einaste formålet med sjølv klatringa. I så fall kunne klatraren like gjerne leige eit helikopterløft opp på fjelltoppen og ned att, men alle skjøner at det ville vere meiningslaust – då ville det ikkje vere ein klatrar som stod på toppen, berre ein helikopterturist.

Sjølv om prosessen er viktig, er likevel ikkje prosjektet uvesentlig. Om klatraren ikkje hadde eit prosjekt om å nå toppen, ville han neppe ha klatra. Ein kan seie at prosjektet er sjølv krafta i prosessen, det som held prosessen i gang. Det er målet om å få elg som held jakta i gang, men det er ikkje jakta aleine. Ein kan seie som José Ortega y Gasset (1985) i boka *Meditations on Hunting*: «ein jaktar ikkje for å drepe, snarare er det motsett, ein drep for å ha jakta.» (1985: 97)

Så, når Bjarne fortel at enkelte på laget jaktar for kameratskap og andre for kjøt, kjenner eg at eg tvilar på Bjarne, eg kjenner at eg trur at til liks med Johan er alle der fyrst og fremst for å jakte.

«Jauda», sa Bjarne, og smilte når han høyrde korleis eg hadde tenkt. «Dokke kan å gjere det komplisert.» For han meinte berre at Johan var meir «ivrig», ivrigare enn mange av dei andre. Og han var ikkje aleine, særleg blant dei yngste var det ein større iver, men i tillegg til denne naturlege ungdomlege iveren var dei, som Bjarne sa, «meir seriøs, på ein måte». Og nettopp denne seriøsiteten skulle vise seg å verte meir og meir interessant for meg desse åtte dagane i elgskogen.

Etter talen

Etter Arvid sin disiplinerande tale under middagen, tok det om lag eitt minutt før stemninga var tilbake til der den var før han tok ordet. Det var eit langdrygt minutt der enkelte gjorde tapre forsøk på å etablere samtaletema og snarast råd få opp att stemninga. Men etter kvart kunne ein merke at skrålet vaks og gradvis kom også Peder inn att i den sosiale ordvekslinga, utan at hans bragder lenger var eit tema.

Sjølv vart eg sitjande uforståande til heile scenen. Kva var dette? Kvifor hadde Arvid valt å gjere denne offentlege irettesettinga, denne audmjukinga av den unge elgjegeren? Då Stian, ein lyslugga mann fyrst i 40-åra som eg enno ikkje hadde helsa rettleig på, røyste seg saman med Johan for å ta eg ein røyk, bestemte eg meg for å vere med dei, om ikkje anna for å kjøle meg ned i den kalde haustlufta.

«Ja, kva får forskaren ut av det?», spør Stian med eit lurt smil.

«Er dette vanleg?» spør eg. «Har denne typen offentlig irettesetting skjedd før?»

Nei, dette var eit spesielt tilfelle, erkjente begge. Sjølv om det hadde hendt at det hadde vore det dei kalla «oppstrammingar» før også, så var dette eit særskilt tilfelle.

«Men det måtte til», seier Johan.

Han verka nesten irritert, og eg let vere å spørje kva han meinte. Eg ga han berre tid, for det verka som den elles så tagale Johan hadde lyst å seie noko.

«Me har hatt rot kvart einaste år i det siste, både skadeskyting og feilskyting. Og dei to siste åra har me ikkje eingong klart å fylle kvota», fortel han.

Eg tenker tilbake til tidlegare same dag, til då me nett var ferdig med slaktinga og hadde fått hengt opp elgskrotten. Medan dei fleste av oss hadde samla seg i porten på «slaktarhuset» og stod og leska oss på kald øl og varm kaffi om ein annan, hadde ei lita gruppe danna seg borte ved koia og stod i alvorsam prat.

«Jauda, det var det me snakka om», kunne Johan fortelje.

Dei tre karane, Johan og Stian i tillegg til Kjell, den tredje av dei Bjarne hadde omtalt som ein av dei som «fyrst og fremst var her for

å jakte», hadde samla seg om Bjarne og Arvid og gjort det klart at dei meinte Arvid måtte reagere. Dei hadde utfordra jaktlagsleiaren og bedt han om å bruke autoriteten sin og sanksjonere.

For det måtte altså til. Dei to elgjegeane som no hadde sløkt røyken og trekt bort på plattingen framom slaktarhuset for betre å kunne «sjå i veret» og vurdere forholda for morgondagen, var altså samde om at jaktlaget ikkje kunne akseptere meir «rot». Dei hadde ikkje råd til å kaste vekk dyrebar tid på ettersøk. Og det var det å fylle kvota som gnog dei. Det var ikkje det at tida dei brukte på ettersøk gjekk ut over den tida dei kunne ha sete på post og opplevd spenninga og gleda ved jakta, nei, det var rett og slett ineffektivt når det kom til det å fylle kvota. Eg tenker: Kva betyr dette? Og høyrer meg sjølv spørje:

«Betyr det at dokke egentleg kan definerast som klassiske kjøtejegerar?»

«Definerast!» formeleg spyttar Stian ut og gir meg med det klar beskjed om at defineringa lyt eg ta meg av sjølv. «Det betyr at elgjakta handlar om å gjere ting rett!»

«Kva, rett ...?»

«Altså, me har visse standardar, og dei skal oppretthaldast.»

«Standardar?» spør eg igjen.

Det handlar altså om å gjere ting «rett», om å oppretthalde «standardar» og forvalte sitt eige rykte. Eg kjem i hug noko eg hadde lest før ein gong. Noko Ann-Kristin Ekman – som også har eit bidrag i denne boka – hadde skrive, om at det i eit lokalsamfunn finst eit sett av tradisjonelle dygder – eit verdisystem som i stor grad reflekterer stadens historie og utgjer dei moralske omgrepa rett og bra (Ekman 1991).

Når Stian snakkar om at ting skal gjerast rett, handlar det om å vere dyktig og flink – dygder som har stått sterkt i skogsarbeidarkulturen og som lever i dei lokale forteljningane om kva folket her har å slekte på. Stian si gnagande uro for at kvota ikkje vert fylt, er i slekt med Bjarne si forteljning om den arbeidsame bestefaren til Johan. Den er i slekt med forteljinga om den hardtarbeidande og dyktige «elgbygdingen», han som ikkje legg seg sjuk sjølv om han skulle kome til å få litt feber. Den er i slekt med forteljinga om den

pålitelege «elgbygdingen», ei forteljning som implisitt også ber i seg eit bod om den «upålitelege andre».

«Elgjakta er hausting og forvaltning. Det er kjekt, det er kameratskap og me har det artig, men det gir oss ikkje rett til å vere likesæle med omsyn til etikken», fortel Stian vidare.

«Kva er standarden då?», spør eg.

«Standarden er at ein ikkje tek sjansar. At ein held tilbake skotet når ein kjenner seg usikker.»

«Korleis sikre at kvar einskild jeger gjer det, då?»

«Nei det er ein måte det, det er å gjere slik som no nettopp. Det skal gjere vondt å gjere feil», avslutta Stian før me går inn att til resten av laget.

Skogsøkonomien

Arvid sjølv kunne seinare fortelje meg at han nok ville ha sanksjonert utan at Johan og dei andre hadde bede han om det, men han ville kanskje «gjort det på ein meir diskre måte». Han innrømmer at dei tre karane hadde overtalt han til å bruke noko sterkare lut enn kva han fyrst hadde tenkt. «Dei har rett i at det har vore litt mykje tull dei siste åra», seier Arvid, og stadfesta det Johan hadde fortalt meg tidlegare på kvelden. Det hadde vore ein trend dei siste åra med at talet på uhell hadde gått opp. Det var ikkje berre ungguten Peder som hadde vore uheldig i fjor, også ein av dei eldre jegerane hadde rota. Sverre, altså far til Johan, hadde sendt ei kule via ein ungfurupopp og lukst att i låret på ei elgkyr, kunne Arvid fortelje. Og det var berre slumpeukka som hadde berga John, ein eldre bror av far til Kjell, frå ei liknande affære. Kula hadde kome i ubalanse av kvist og hadde gått flatt inn i dyret, men den hadde råka i ryggen og lamma elgen momentant slik at John fekk sett eit avlidingskott i hovudet frå der han sat.

«To ettersøk og eitt nesten-ettersøk på eitt år. Det er i overkant.»

«Var det derfor du valde å gi Peder offentleg reprimande?» spør eg.

«Ja. Det kan ha vore vel tøft for Peder», seier Arvid og avslører ei viss uro for korleis ungguten takla irettesettinga «... men eg merka folk var byrja å snakke om det – det gjaldt fleire enn berre Johan og dei – eg såg ganske enkelt ikkje anna råd.»

«Du skjønner», seier Arvid og tek sats før han startar å forklare, «Når me driv elgjakt, så gjer me ikkje det berre for underhaldning, det er ikkje berre for moro. Me gjer dette også for å hauste ein verdi-full ressurs.»

«Kjøtet?»

«Ja, kjøtet. I tillegg er me her for å gjere ein jobb. Me er her for å ta ut dei dyra som skal takast ut og syte for at det er balanse mellom talet på elg og tilgangen til beite gjennom vinteren. Er det for mykje elg gjennom vinteren i forhold til beitetilgangen, går det ut over skogen. Du veit skogskadane i dette landet er i dag berekna til opp mot 60 millionar kroner som følgje av elg.»

«Men det er då dei færreste her på laget som er skogeigarar, eller ... ?» seier eg.

«Vel, nokre av oss er då det», smiler Arvid og signaliserer at han tolka innspilet mitt som ein freistnad på å provosere han. «Du veit, sjølv om det er mange her – fleirtalet faktisk – som ikkje er skogeigarar, er alle likevel involvert i skogøkonomien på ein eller annan måte. Då eg gjekk på skule, brukte me å gange opp tømmerverdien med minst 20 prosent for å få ut samfunnsverdien i næringskjeda. Me snakkar om entreprenørar og transportørar og alle som arbeidar innanfor trebearbeidande verksemdar i området her, alle er involvert i skogøkonomien.»

«Du meiner folk tenker slik?» spør eg.

«Eg meiner skogen, og for så vidt også jordbruket, står framleis sterkt i folk sin medvit, ja», svarar Arvid og tykkjest vere sikker i si sak. Og han er ikkje aleine om å meine det. Både grunneigande og eigedomslaus elgjegerar snakkar om skogen, dei snakkar om kor viktig skogen er her – ikkje berre økonomisk, men også kulturelt. Dei snakkar om banda til skogen og skogsarbeidarkulturen. Og dei snakkar om nyingen, dette bålet som eg tidlegare har skrive om (Flø 2011), og som ikkje eingong treng vere ein «nying» reint teknisk, men berre eit vanleg bål: eit bål som jaktlaget kan samle seg kring i

skogen. Dei snakkar om det, eller det å samlast kring nyingen, som det skulle ha vore ein heilag rite – ein rite som ikkje må brytast. Men i botnen er det like mykje samhald dei snakkar om og om det å ta seg tid. Ved å knyte det spesifikt opp til nyingen, knyt dei det også opp til noko større. Dei knyt det opp til arven frå skogsarbeidarkulturen, og til samhald mellom arbeidsfolk, grannar og bygdefolk. Forteljinga om nyingen symboliserer det østerdalske skogskulturetøset, og inngår i skapinga av det stadeigne elgjaktetøset (Flø 2011). Som dei fleste «rural performance[s]», som Stuart Marks kallar det (1991: 6), demonstrerer nyingen potensen i den stadeigne historia, og inngår som ein vesentleg aktør i struktureringa av framtida. For det er det nyingen representerer som er det viktige, det er kva dette vesle bålet symboliserer – kva det fortel når eit heilt jaktlag sit samla kringom det midt i skogen – det er det som er viktig. Den fortel om ro, samhald og arv, alle viktige element i den lokale jegeren si moralske forteljing om seg sjølv og om elgjakta. Og så lenge skogeigar og den eigedomslaus bygdejegeren sit kring same nying, inngår dei begge i den same fellesskapen.

For jakta er fellesskap, fridom og likskap, og den vert fortalt fram som det av både skogeigarar og eigedomslaus (Flø 2011). Den er forteljinga om andre kapitalformer enn dei som gjeld i «det andre» livet, forteljinga om at «kula er demokratisk», som ein formulerte det, den gjer med andre ord ikkje skilnad på kor tjukk pengepungen er åt den som trekkjer av. Det er din eigen dugleik som jeger som tel på jakta, ikkje utdaningsnivået eller om du er rik eller fattig.

Skyttarlut og kjøtnettverk

Fram mot slutten på 1990-talet og fyrst på 2000-talet vart om lag all elg i området her felt av jaktlag som bestod av ei blanding lokale grunneigarar og eigedomslaus i tillegg til nokre ikkje-lokale som tilfeldigvis hadde ein eller fleire relasjonar til lokalsamfunnet – relasjonar som hadde opna for deltakinga i jakta. Jegerane betalte sjeldan noko nemneverdig for å delta i jakta. Ifylje fleire av mine informantar var regelen generelt at jaktlaget delte på fellingsavgifta – mellom

300 og 400 kroner for eit vakse dyr og om lag det halve for kalv. I tillegg brukte kvar einskild jeger å kjøpe det han ville ha av kjøt utover «skyttarluten» av grunneigarane. Det var nemleg vanleg her at skytaren fekk eit lån av den elgen han sjølv skaut. «Det var vår måte å takke for hjelpa på», sa ein av grunneigarane til meg. Einaste ulempa han såg med det, var at det kunne gjere jegeren «kjøthungrig», som han sa. På grunn av eit sterkt ønskje om å få kjøt kunne ein verte driven til å ta sjansar som innebar skadeskyting. Derfor gjekk fleire av jaktlaga her over til å la skyttarluten verte fordelt på heile laget framover på 90-talet. Resten av kjøtet tilfall framleis grunneigarane.

«Det var mindre kjøt før», fortel Arvid og tenker på den tida dei berre hadde tre–fire dyr på kvota mot dagens 16. For elgstamma har vakse kolossalt, ikkje berre her anna enn over heile landet. Likevel trur Arvid elgkjøtet framleis er rekna for å vere ettertrakta. «Det er ikkje berre til eige bruk heller, dei fleste familiane har mange som skal ha elgkjøt i løpet av jakta», fortel Arvid.

Det slo meg at Arvid, til liks med mange av dei andre i Elgbygda, snakka mykje om kjøtet. «Dei hevdar det», sa han då eg konfronterte han med at eg trudde kjøtet var vorte mindre viktig no når dei fleste av oss har råd til å kjøpe all den maten me ønskjer. «Men eg trur likevel at ingen på laget her ville ha jakta om det ikkje vart kjøt ut av det.» Han trur meininga med elgjakta er tufta på kjøtet. Det får meg til å tenke på Edvard, ein godt vaksen grunneigar eg snakka med i ei anna grend ikkje langt frå her, og hans forsvar for kjøtprising av elgjakta til forskjell frå prising av opplevingar (Flø 2008: 386). I ei tid der postmoderne teori har lært oss at symbolikken har fått forrang for materialiteten (Baudrillard 1983; Harvey 1990) er altså kjøtet likevel essensielt for jakta i Elgbygda. Dette vert særleg stadfesta av dei som sit heime under elgjakta. Her vert det teikna eit tydeleg bilete av at kjøtet er viktig både som bidrag til hushaldsøkonomien og som symbol i form av den rolla elgkjøtet spelar som gåve og som lokal identitetsmarkør.

Signe, ei kvinne seint i 60-åra som driv eit lite bruk saman med sin eldre bror Bjarne, som me alt har helsa på, kan fortelje at dei har tett på tretti folk som meir eller mindre fast mottok elgkjøt frå dei. «Alle syskena skal ha», seier ho og fortel at dei var ni born til saman

men no er dei berre seks att. Ein av dei bur på Sørlandet, men kjem alltid oppover i løpet av jakta får å få med seg litt kjøt heimatt. «Det er då kjekt han kjem», seier Signe, og meiner at brøren «har rett på litt kjøt», og legg til: «. i alle fall så lenge me har så mykje». Eg tok kontakt med Ellen, dottera til Signe si yngre søster. Ellen bur i Trysil og brukar ofte å køyre innom tanta og onkelen når ho fer forbi, eller, som ho seier: «Ofte køyrer eg eins ærend, men brukar liksom å seie at eg for forbi. Dei liker ikkje å føle at me passsar på dei.»

«Du inngår i tanta di sitt kjøtnettverk», seier eg for liksom å kome til saka.

«Ja det var det ja...» Ho tenker seg litt om før ho seier: «Du veit eg er gift med ein elgjeger?»

«Ja vel?» seier eg.

«Vi har meir enn nok elgkjøt, men eg greier ikkje seie nei takk. Eg har prøvt å takke nei, men då har ho berre flira og sagt at me treng å smake litt ordentlig elg også og ikkje berre den seige trysilelgen.[...] Det er ikkje like mykje kjøt no etter at eg traff mannen min, ofte berre ei steik eller ein filet eller noko, men eg har likevel eit inntrykk av at det er viktig for ho.»

Eg trur kjøtnettverket og skikken med å ville dele kjøt med slekt og vennar også kan ha samanheng med det den godt vaksne elgjegegen Bjarne, altså bror til Signe, kallar «vår einaste overskotsvare». For i denne delen av landet – eit stykke oppe i Nord-Østerdalen – finn eg nemleg mykje av det same som eg fant då eg studerte utmarksbruken i grendene kring Femund (Bjørkhaug 1998; Flø 1998; Sandlund et al. 2004). Eg finn generelt lågare gjennomsnittleg inntekt enn elles i landet, og eg finn hushald der fisk, bær og viltkjøt utgjer ein betydeleg del av hushaldets økonomi. Eg kom på intervjesøk og såg tileresspann med nyplukka blåbær stå på trappa i påvente av å skulle verte råsaft. Kari, som arbeider deltid på skulen og tek sporadiske omsetjingsarbeid på oppdrag, kunne fortelje meg at det ikkje var tradisjon som var grunnen til at ho laga moltesyltetøy. Heller ikkje gjorde ho det fordi ho tykte smaken var betre eller at det skulle gi ho ei meir ekte oppleving av livet, nei, ho laga syltetøy fordi ho meinte det var billig. I alle fall så lenge mor hennar heldt sukkeret. At mor hennar baud ho på elgkjøt var også «eit kjærkome

kosttilskot» til ein elles ris- og potetbasert diett for ho og hennar seks år gamle son.

Eg fant hushald som enno nytta matressursane dei fant i naturen på same viset som me gjorde heime då eg sjølv vaks opp på 70-talet. Me saffa og rørte og kokte og salta. Fisk, bær og kjøt var verdsett og skatta, og om ikkje det reelt sett lønte seg, så hjalp det uansett på vårt moralske sjølvbilde. For nøysemd var ei av bygdas sentrale dygder, så også i Elgbygda. Ein skal nyttiggjere seg av «gratisressursane» som let seg hauste. Også her fant eg studentar og skuleelevar som, til liks med meg då eg sjølv var student, vart sendt tilbake på studenthybelen med kjølebaggar fulle av blåbær, molter og viltkjøt. Det er som Bjarne seier: dei haustbare ressursane er småbrukarens «einaste overskotsvare», for småbruka aggregere ikkje inntekter nok til at ein har råd til å sende kjøpekjøt i skreppa åt studentspirene.

Det at kjøtet også er ei gåve, uansett om mottakaren opplever å ha trong om det eller ikkje, er viktig som meir enn einast ei gåve. Det at det vert gitt til nokon og at vedkomande tek det med, kan sjølv sagt forståast innanfor rammene av «de symbolske goders økonomi» (Bourdieu 1996) eller som «uavhengelige gaver» (Lien 2001), men eg vil snarare trekke fram kva konsekvensar dette har for elgjakta og elgjakkulturen, sjølv opphavet for kjøtet.

Kanskje er det fleire som opplever det likt som Stein, bror til Johan, yngste son til Steinar og minst tredje generasjons eigedomslaus elgjeger når han ein dag kjem seg med på eit lag. Han fortel at «det er litt kult å kome tilbake på hybelen med ei svær elgsteik. Då er det berre å invitere til fest.» Han trur derimot ikkje det ville ha blitt det same om han hadde fått med seg ein okseflatbiff heim til hybelen, og legg til: «for elg er liksom ein del av meg, det.» Elgsteika som Stein serverer til sine studentvener i byen er altså den materielle representasjonen av kven Stein er. Ved å ta med seg elgkjøtet til universitetsbyen, tek han også med seg si eiga historie og syner den fram for sine vener der. Han tek med seg bror sin, far sin og sin gamle bestefar – tre generasjonar elgjegerar – og han tek med seg mor. Han knyt band attende til der han høyrer til, attende til bygda og slekta – attende til mor, for han veit det var ho som la steika i skreppa.

Når søskena til Signe og Bjarne kvar haust kjem innom barndoms-

heimen og får med seg litt elgkjøt heimatt, gjer dei neppe det berre fordi det er billig. Det er grunn til å tru at dei like gjerne gjer det fordi elgkjøtet er det som enno bind søskena til barndomsheimen. Og når Ellen set seg til bordet heime i Trysil ein dag, så fortel ho kanskje mannen sin og dei tre borna at «i dag er det ordentleg kjøt på bordet, for i dag er det nemleg elgkjøt heimafrå». Og kanskje vil borna juble og snakke om gammelonkel Bjarne og om kor kjekt det er å vere med «tante» Signe å lage pølse.

Kjøtet bind Elgbygdas relasjonelle ringar² saman. Når jegeren ber kjøtet til gards, bind han ikkje berre seg sjølv til hushaldet – han bind samstundes hushaldet til elgjakta. Kjøtet involverer hushaldet i elgjakta og gjer den relevant også for dei som ikkje ber gevær eller sit på koia og sjauar. Når Signe deler ut kjøt til slekta, styrker ho banda til bygdas mange «skuggar» (Ekmann 2006), banda til folk som på ulike måtar følgjer med på kva som skjer i bygda og som grip inn i sjølve organiseringa og utgjer bygdas meir eller mindre uformelle nettverk.

Ein lys levande indianar og utanbygdsjegerane

«Du vert med Kjell i dag», sa Arvid. Saman med Bjarne og Johan hadde han planlagt dagen alt i går kveld etter middagen. «Det er ein litt vanskelig post, men det gode med den er at det går an å prate litt der.» Han hadde nemleg tenkt ut det, Arvid, at eg skulle få høve til å snakke med jegerane litt aleine. Om me berre snakka lågt nok, meinte Arvid at litt prat ikkje trong spolere sjansane for å få elg. Kjell meinte det var ein god post, men ein laut vere konsentrert og rask. For, som han sa, «posten er trong, og elgen kjem fort og heilt utan varsel».

«Er det derfor dei har gitt den til deg då?» spurde eg.

«Nei det brukar å gå på rundgang», sa Kjell før han la til: «Men det er klart ein set ikkje dei ferskaste på ein slik post.»

«Kvifor ikkje?»

«Det må handlast raskt her ..., bedømme dyret og så situasjonen og ... ja ... i det heile tatt.»

«For det er det som er problemet», sa Kjell etter ei lita pause.
«Dei fleste har egentleg temmeleg lite erfaring.»

«Kven då?» spurde eg og tenkte at med unntak av Peder og kanskje ein til, besto mesta heile laget nettopp av svært erfarne jegerar.

«Utanbygdsjegerane», svara Kjell.

Dermed var Kjell i gang med å karakterisere utanbygdsjegerane. Utan at det hadde vore tema for nokon av samtalanene eg greidde å registrere desse fyrste dagane av jakta, så dukka altså utanbygdsjegerane opp, som eit problem, i samband med ein trong elgpost som kravde erfaring og raske vurderingar.

«Dei er her ei veke eller to og det er stort sett det einaste dei er i skogen i løpet av eit år», fortel Kjell og hevdar dei fleste utanbygdsjegerane ikkje «kjenner» skogen. Medan han sjølv derimot, han er «oppvaksen i skogen». Han fortel om eit lag som var på nabofeltet nokre år at «dei var heilt håplause». Ein av jegerane der hadde endatil gått seg vill eit år, han fant ikkje heim att til koia. Tilfeldigvis hadde han støtt på Sverre, som kunne fylje han nesten heilt til døra. «Etter det trur eg heile laget vart utstyrt med GPS», ler Kjell.

«Men du sa problemet?»

«Problemet?»

«Ja, at dei hadde lite erfaring, sa du.»

«Nettopp», seier Kjell idet han hever høgre handa til tinningen som eit slags signal på at eg hadde spora han inn att. «Det gjekk mesta ikkje eitt år utan at me måtte ta ut dyr som gjekk att i skogen etter dei.»

«Skadeskotne, meiner du?»

«Ja, det kunne sjå fælt ut. Ein gong heilt fram mot jul fant me ei kyr utan underkjeve. Ho var mager, kan eg fortelje deg.»

Medan Kjell held fram si framstilling om alle uferdene åt utanbygdsjegerane dei siste åra, det vere seg forteljingar om skadeskyting, fyll og respektlaus framferd, tenkjer eg på kva Kjell egentleg hadde meint med å «kjenne skogen» og med det å vere «oppvaksen i skogen».

«Det er egentleg Stian sitt uttrykk», innrømmer Kjell idet eg spør kva han meiner med «å kjenne skogen». «Eg trur han tenker slik at me som har erfaring og som driv med all mogleg slags jakt heile

tida er ... me har budd her heile livet – me har vore med fedrane våre, brødrane, onklar og andre vaksne. I ungdomen starta me gå aleine eller i lag med kompisar ... då lærte me oss ting ... og no liksom berre veit me instinktivt korleis me skal bevege oss.»

«Bevege dokke?»

«Ja, altså korleis me skal gå for ikkje å lage for mykje uro i skogen – i forhold til vind og slikt ... og det å kunne sjå ferske trakk og vite kva som er framfor oss før me ser det.»

«Slik som indianarane i cowboyfilmene?»

«Ja, men det er ikkje tull altså, ein lærer då litt av alle timane ute ... og ikkje minst då eg brukte vere med morfar. Han hadde sikkert minst femogtjue vintrar med skogsarbeid bak seg, dei låg månadsvis på skogen.»

Brått stoppar Kjell opp og ser rett på meg.

«Sjå på meg», seier han, «ikkje sjå opp eller tilsides no.»

«Kva då?», spør eg og ser meg raskt rundt.

«Kom igjen, eg skal teste noko», seier han.

Eg ser på han.

«Kan du fortelje meg kva slags fugl som heng over tretoppene rett sør om oss?»

Eg tenkte å ta ein råsjan og tippe på ein rovfugl av eit slag, men eg innrømma i staden at eg ikkje hadde lagt merke til nokon fugl i det heile og rista på hovudet.

«Kan du peike ut retning der det står ein feia trelegg, og kor lenge er det sidan den var feia?»

Når det gjaldt feia treleggar såg eg så mange på veg innover mot posten at eg må ha slutta å registrere dei, så også her laut eg melde pass.³

«Der kan du sjå, du har nettopp møtt ein lys levande østerdalsindianar», ler Kjell, før han like fort vert alvorleg att. «Det er å kjenne skogen – det å lese og forstå den – ein vert meir glad i det ein kjenner, det ein greier å lese og forstå. Og det ein vert glad i tek ein også betre vare på.»

Det skjedde lite på posten vår, bortsett frå ei kyr og ein kalv som passerte heilt att i kanten på den smale glenna. Kjell fekk ikkje dyret klart av vegetasjonen og heldt dermed att skotet. Til gjengjeld var det

aktivitet på radiosambandet då enkelte andre hadde meir enn nok å gjere. Det vart rapportert om to fellingar alt før det vart skikkelig dag. Og medan Kjell følgde aktivt med, vart eg sjølv sitjande og tenke over kva han egentleg hadde sagt.

Han presenterte seg sjølv og sine lokale jegerkollegaer mesta som om dei sat inne med ein slags særeigen tradisjonell kunnskap om skogen, ein kunnskap som må lærast langs ættespor og lokale praksisar – etter same mal som urinnvånarar i stammesamfunn. Det må lærast frå far til son, frå eldre til yngre og gjennom timar i skogen saman med jamnaldringar. Manglar ein denne opplæringa, vil ein rote seg vekk i skogen og måtte utrustas med elektroniske hjelpemiddel for å finne vegen heim. Men enno verre er det nok at mangel på kunnskap – og gjerne då lokal kunnskap – også vil gi seg utslag i at ein ikkje berre er mindre glad i, men også mindre i stand til å ta vare på skogen.

Lokal ideologi – kjøt og ny-seriositet

Tilbake på koia om kvelden same dag hekk det tre nye skrottar saman med kalven frå dagen før. Under småpraten etter opphenginga av skrottane kom det fram at Kjell ikkje berre hadde fått status som autorisert indianar, han hadde også «slept utanbygdsjegeren ut av sekken», som Johan sa. Dei hadde nemleg snakka om det før jakta starta, før dei vart samde om å ta meg med, at eg nok var ute etter korleis dei ser på den tiltakande kommersialiseringa av elgjakta.

«Ja», seier eg nølande «det er for så vidt relevant, men fyrst og fremst er eg her for å forstå dokke som jegerar». Eg innrømma at eg trudde deira sjølvforståing kan vere påverka av og for så vidt også kan forståast i kontrast til nettopp utanbygdsjegerane. Dermed var diskusjonen i gong endå før eg fekk lagt opptakaren på bordet.

Dei snakkar om at det ikkje er eit spørsmål om å vere for eller imot kommersialisering, men snarare korleis kommersialiseringa skjer. Den må ivareta det særeigne med elgjakta her, seier dei. Sjølv om elgjakta vert kommersialisert, må det ikkje skapast eit klasseskilje

på jakta. «Vi har alltid jakta saman her, rik som fattig», seier Stian og ser på meg som om eg er med i diskusjonen.

Dei andre støttar opp om Stian, og hevdar at prisen har mykje å seie, og dermed er dei attende til det Arvid sa til meg før, nemleg at elgkjøtet er viktig. «Det må vere ein anstendig kilopris på denne aktiviteten, elles set me att berre med sportsjegerane», meiner Kjell og legg til at om det går sport i jakta, vil det verte «meir konkurranse og mindre fellesarbeid».

Og nettopp det at fellesskap og kameratskap er viktig vert støtta av mange. Steinar trekker fram at fellesskapet strekk seg ut og forbi laget og kompisane. «Det er eit fellesskap med heile bygda», seier han og hevdar at nettopp det kan forsvinne om ein sel for mykje av jakta utanbygds.

For sjølv om elgjaktlaga i denne regionen er sterkt dominert av elgjegeren i tydinga ein mannleg jeger med gevær,⁴ betyr ikkje det at elgjakta stoggar der. Som eg har nemnt tidlegare, strekker elgjakta seg langt inn i bygda, ikkje berre som eit framhald av den maskuline sosialiseringa på koia når medlemmar frå ulike jaktlag møtes på butikken, på jobb eller kanskje utfor porten på den kommunale barnehagen. Den strekker seg også inn i dei kvinnelege sfærar, til borna og dei gamle, og den strekker seg ut av bygda – til dei kvitmåla stovene på Sørlandet og gråbeinsgardane i studentbyane. Og det er kjøtet som er tråden som syr det heile saman. Ikkje berre utgjer kjøtet ein lykel i samanbindinga av det maskuline og det feminine, mellom nære og fjerne og mellom slekt og vener, men bygdefolket sjølv ser også ut til å vere medvitne rolla kjøtet har. Dei skisserar ei framtidig utvikling i retning mot at jakta kan verte avsondra frå bygda, om kjøtet forsvinn.

«Korleis då?» spør eg.

Det er 'østerdalsindianaren' Kjell som tek byrda med å forklare meg samanhangen.

«Det fungerer annleis når du jaktar ein stad der du ikkje bur. Du vert meir aleine med alt...»

Stian er tydeleg ivrig og bryt inn. «Me har vore og jakta hjort i Sogn og eitt år på Hitra også, poenget er at me har ikkje mykje med bygda å gjere når me er der.»

«Kva er grunnen til det?», spør eg.

«Nei, sei det..? Me kjenner ingen der og ... ja du veit.»

«Nei», sa eg, «det veit eg nettopp ikkje?» Eg ville få dei til å forklare korleis og på kva måte dei samhandlar med bygda når dei jaktar elg her heime.

«Ja, det kan no vere på mange måtar det. Slik som me då, for eksempel; me fraktar skrottane ned til bygda når det er tid for deling – då dukkar det opp folk.»

«Kva folk er det, då?» spør eg.

«Det er all slags folk – bygdefolk», seier plutseleg Arvid. Hittil hadde Arvid prøvd å vere minst mogeleg involvert i diskusjonar og samtalar der han såg at eg, forskaren, dreiv og samla informasjon. Eg hadde lenge tenkt at Arvid såg på seg sjølv meir som ein formidlar av informantar enn som ein som også sjølv var relevant som informant. Derfor hadde eg hittil fått lite utav han, enda han definitivt var ein mann som evna å setje ord på det han tenkte.

«Då kjem dei – gamlejegerane», seier han og nemner spesifikt Johannes, far til Steinar og bestefar til Johan.

«Så kjem kjerringane våre», seier Bjarne, noko som utløyser tendensar til latter – ein latter som det tok tid før eg forstod opphavet til. Fyrst trudde eg det var eit utslag av «mannehurven» og at det låg ein slags seksuell undertone der, eit eller anna i retning av at karane som no hadde vore på koia nokre dagar ønskte å signalisere krafta i eigen potens. Men etter kvart gjekk det opp for meg at latteren kom av at det var Bjarne som nytta uttrykket «kjerringane våre», han som nettopp bur saman med systera si og som heller aldri har vore gift.

Dei skisserte altså ei sosial hending, eller ei samling, når kjøtet kjem til gards. Sjølv vitna eg samlinga nokre dagar seinare, og såg at det stemte. Eg såg at bygdefolket kom og at dei deltok både i delinga av kjøtet og i den uformelle praten. Eg såg at skal denne samlinga skje, føreset det minst tre ting: at jakta skjer lokalt, at jegerane er lokale, og sist, men ikkje minst: kjøt.

Johan, som hadde ivra etter å få snakke om utanbygdsjegerane då denne diskusjonen starta, hadde sete stille lenge, men no tok han ordet.

«Den store skilnaden ligg i måten me tilnærmar oss jakta på – altså kva forhold me har til jakta», seier han. I det den djupe og klare stemma hans let, stilnar dei andre og vert sitjande og vente på kva meir han ville seie.

«Elgjakt er som ein profesjon, me overvakar og kartlegg beite og me fôrar gjennom dei hardaste vekene på vinteren. Me lagar forvaltingsplanar og me går på elgjakt. Forstår du?», seier han og ser på meg.

«Nei», seier eg, «ikkje heilt, kva meiner du?»

«Det er mykje meir enn ei veke med artig.»

«Kva er det då?» spør eg, og veit eg høyrest tungnær ut. Aller helst vil eg spørje om han meiner elgjakta er meir alvor enn leik, men finn ingen måte å spørje på som ikkje vil verke leiande.

«Som eg sa, det er ein heilårsgeskjeft, og det er seriøst.»

«Seriøst..?», sa eg «Det uttrykket brukte Bjarne òg her hin dagen, kva meiner dokke når dokke seier at elgjakta er seriøs?» Eg ser bort på dei andre og tenkjer: «Er dei alle like seriøse? Deler dei alle synet til Johan?»

Det teikna seg eit tilsvarande bilete som det Bjarne hadde skissert alt kvelden før jakta starta. For det var særleg dei unge som målbar seriøsitetsperspektivet. Sjølv om dei eldre lett følgjer dei på det med at elgjakt er meir enn «berre artig», er det likevel nokre nyansar i korleis dei forstår seriøsiteten. Når Bjarne siterer ein kjenning av han som eingong sa at «då dei introduserte retta avskyting⁵ forsvann også moroa frå jakta», ligg det også eit likt lag med alvor som skjemt i det sitatet. Dei eldre jegerane si oppfatning av seriøsitet ser ut til å peike i retning av alt dette «nye» som har kome inn i jakta. Det gjeld særleg dei nye reglane knytt til viltforvaltingsområder og det at alle skal ha godkjente forvaltingsplanar. Mange ser dette som «stress og mas», slik også 90 år gamle Karl Mobråten gjer når han uttaler seg til bladet *Jakt og Fiske*: «Elgjakta blei rett og slett itte no' moro lenger. ... Det blei stress og mas på jakta. Alt handlet om å få elgen. Det var ingen tid til å kose seg rundt bålet. Vi sto omtrent langs veien og åt brødiskiva vår.» (Aakre og Nybru 2011)

Dei yngre, derimot, dei ser alt dette «nye» som element som har gjort jakta meir interessant. Det har heva kravet til dugleik og gjort

jakta meir meningsfull. «No er det liksom vits å bli betre», seier Stian og sender tankane mine attende til Robert A. Stebbins (1979, 1992) og hans omgrep «serious leisure».

For elgjakta er ein seriøs fritidsaktivitet. For både Stian, Johan, Kjell og sikkert mange, mange fleire unge og middelaldrande rurale menn er elgjakta seriøs. Dei snakkar alle om elgjakta på same måten som mange av mine kollegaer og kjenningar snakkar om jobben. Dei snakkar om alt dei har å gjere, om kor stor kvota er og om alt arbeidet som gjenstår før hundane er så gode som dei vil ha dei. Og dei snakkar om all innsatsen dei legg i forvaltingsarbeidet. Dei snakkar om det å bli betre, om å flikke på elgjaktkarrieren. Dei vil bli kjent som habile jegerar, som jegerar det går an å stole på. Og dei snakkar om at dei kanskje må trå til og gjere ein innsats, ta på seg leiarverv og slikt. Ikkje minst snakkar dei om prestasjonane, om kor dyktige dei har vore i konkrete jakt situasjonar så vel som i forvaltingsarbeidet. Og dei snakkar om elgjaktas unike etos, eit etos som ligg tett opp mot skogsarbeidarkulturen og den stadeigne historia (Flø 2011).

Dei er seriøse, og seriøsiteten ser ut til å vere ny. Den har vekt fram i kjølvatnet av at kvotene har vorte stadig større og jegerane sjølve har vore villige til å «satse» på elgjakta. Og dei brukar seriøsiteten i posisjoneringa av seg sjølve i konkurranse med utanbygdsjegerane om det som er elgjaktas knappleiksgode: lokale jaktfelt. For sjølv om det finst rikeleg med elg, er det likevel berre ei avgrensa mengde jaktfelt i heimbygda deira. Og for kvar gong eit jaktfelt vert leigt ut til utanbygdsjegerar, krympar terrenget der den lokale jegeren har tilgong.

For ein ting har den gamle og den nye elgjegeren til felles: Dei vil høyre til der dei jaktar.

Noter

- 1 Garry Marvin har seinare skrive om det same skiljet i boka til Sarah Pilgrim og Jules Prettyey (red.) (2010): *Nature and Culture – rebuilding lost connections*.
- 2 Uttrykket «Elgbygdas relasjonelle ringar» er her inspirert av Ann-Kristin Ekman sin artikkel «Skuggbyn – under ytan på en avfolkningsby» (Ekman 2006), der ho illustrerar den sosiale stratifiseringa i bygda Ångersjö i Härjedalen som «ringar på vattnet», eller som sirklar.
- 3 For den som eventuelt føler ein sit med litt lite elgskogkompetanse, er det kanskje på sin plass å nemne at ein feia trelegg referer til merka på treet som kjem når elgoksen fjernar basten av geviret på sumaren og startar gjere seg klar til haustens mange «plattungsdansar».
- 4 Til forskjell frå elgjakta i områder som til dømes Agder og «dalstroka innafør» (Hompland 1999), der klappjakt eller drivjakt er vanleg, involverer elgjakta i Østerdalen stort sett einast jegerar med gevær. (Gåsdaal og Rysstad 1999).
- 5 Retta avskyting vart innført tidleg på 70-talet og betydde at fellingsløyva spesifiserte kjønn og alder på dyra som vart tildelt jaktvaldet.

Litteratur

- Aakre, Gina og Nybru, Stian (2011): «90 og still going». *Jakt & Fiske*, Juni 2011.
- Baudrillard, Jean (1983): *Simulations*. Semiotext(e). New York.
- Bjørkhaug, Hilde (1998): *Institusjonelle ordninger rettet mot forvaltning av rurale ressurser – Eiendomssystemer, naturvern og lokalbefolkning i Femundsregionen* (R 5/98). Senter for bygdeforskning, Trondheim.
- Bourdieu, Pierre (1996): «De symbolske goders økonomi». I P. Bourdieu (red.): *Symbolsk makt*. Pax. Oslo.
- Bye, Linda Marie (2003): «Masculinity and rurality at play in stories about hunting». *Norsk Geografisk Tidsskrift*, 57 (3), 145.
- Bye, Linda Marie (2009): ««How to be a rural man»: Young men's

- performances and negotiations of rural masculinities» *Journal of Rural Studies*, 25, 278-288.
- Bye, Linda Marie (2010): *Bygdas unge menn – en studie av bygdemenns forhandlinger om og utfordringer av rurale maskuliniteter*. Doktoravhandling, NTNU, Trondheim.
- Ekman, Ann-Kristin (1991): *Community, Carnival and Campaign: Expression of Belonging in a Swedish Region*. Almqvist & Wiksell International. Stockholm.
- Ekman, Ann-Kristin (2006): «Skuggbyn – under ytan på en avfolkningsby. Om stratifisering, sociala relationer och överlevnad» *Bebyggelsehistorisk tidskrift, Leva och bo* (51), 67–88.
- Flø, Bjørn Egil (1998): *Institusjonelle ordninger rette mot forvaltning av rurale ressursar – Sikfisket i Femund* (R 4/98). Senter for bygdeforskning, Trondheim.
- Flø, Bjørn Egil (2008): «Bygdedyret og elgen – ei stivhengig analyse av næringsutvikling i elgskogen». I R. Almås, M. S. Haugen, M. Villa og J. F. Rye (red.): *Den nye bygda* (s. 373–389). Tapir, Trondheim.
- Flø, Bjørn Egil (2011): «Sex, sprit og storokse – Marknaden i møte med den østerdalske elgjaktetøs». I M. Haugen og E. P. Stræte (red.): *Rurale brytninger* (s. 215–231). Tapir, Trondheim.
- Gåsdal, Odd og Rysstad, Sigurd (1999): «Jaktform og jakt deltakelse – På sporjakt etter drivjaktkulturens rasjonale». I O. Aagedal og Å. Brottveit (red.): *Jakta på elgjaktkulturen* (s. 87–110). Abstrakt forlag, Oslo.
- Harvey, David (1990): *The Condition and Postmodernity*. Blackwell publishing, Oxford.
- Hompland, Andreas (1999): «Jaktleiarens tapte ære». I Å. Brottveit og O. Aagedal (red.): *Jakta på elgjaktkulturen* (s. 47–56). Abstrakt forlag, Oslo.
- Jones, Allen M. (1997): *A quiet place of violence: hunting and ethics in the Missouri River Breaks*. Spring Creek Pub. Bozeman.
- Kaldal, Ingar (2000): «Skog, arbeid og dagligliv i kvinners og mens fortellinger fra Trysil og Nord-Värmland etter 1930». I I. Kaldal, E. Johansson, B. Fritzbøger og H. Snellman (red.): *Skogsliv. Kulturella prosesser i nordiska skogsbygder*. Historiska media, Lund.
- Kellert, Stephen (1976): «Perceptions of Animals in American Society». *Transactions of the North American Wildlife and Natural Resources Conference* (41), 533–544.
- Krange, Olve og Skogen, Ketil (2007): «Kodebok for den intellektuelle middelklassen». *Nytt Norsk Tidsskrift* (3), 227–242.
- Lien, Marianne E. (2001): «Likhet og verdighet. Gavebytter og integrasjon i Båtsfjord». I H. Lidén, M. Lien og H. Vike (red.): *Likhetens paradokser, antropologiske undersøkelser i det moderne Norge*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Marks, Stuart A. (1991): *Southern hunting in black and white: nature, history, and ritual in a Carolina community*. Princeton University Press, Princeton, N.J.
- Ortega y Gasset, José (1985): *Meditations on Hunting*. Charles Scribners' Sons, New York.
- Pilgrim, Sarah og Prettey, Jules (red.) (2010): *Nature and Culture – rebuilding lost connections*. Earthscan, London.
- Sandlund, Odd Terje, Berge, Erling, Flø, Bjørn Egil, Næsje, Tor F., Saksgård, Randi og Ugedal, Ola (2004): «Whitefish Fisheries in Mountainous Southeastern Norway». *Mountain Research and Development*, 24 (1), 67–75.
- Stebbins, Robert A. (1979): *Amateurs: On the margin between work and leisure*. Sage Publications, Beverly Hills CA.
- Stebbins, Robert A. (1992): *Amateurs, professionals and serious leisure*. McGill-Queen's University Press, Buffalo.